



Dei fem som møtte fram til sesongstart med gymstick i aksjon torsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Blir gymstick populært også i år i Uskedalen? Det er det for tidleg å svara på, for det møtte berre fem då turngruppa hadde den første timen med dette treningsapparatet i Aktivitetshuset torsdag kveld.

Då apparatet vart introdusert her i bygda for første gong i fjor var det stor oppslutnad - med 22 heilt frå starten. Men instruktør Janne Hjelmeland har ei god forklåring på det spinkle frammøtet i starten av den nye sesongen: Det var eit konkurrerende foreldremøte i barnehagen.

Så om ei veke er dei kanskje oppe på 20-talet att?